

Informasjon frå trimgruppa og barneidrettsgruppa:



Aktivitet i haust:

Bading i Stryn symjehall fire laurdagar frå ca 16.00 til 17.30 (etter off. bading)

Grunna smittesituasjonen med Covid-19, kan vi ikkje ha bading samstundes som offentleg bading. Vi kan berre vere 30 personar i bassenget. For at folk ikkje skal køyre bomtur til Stryn, vert det **påmelding** i ei messengergruppe, eller på melding til Vibeke (99388857). Påmeldinga opnar kvar torsdag før bading kl. 18. Førstemann til mølla. Gje beskjed til Vibeke om du vil vere med i gruppa! På den måten held vi også kontroll på kven som er med på badinga. Dersom nokon er meldt på, men ikkje kan reise likevel, har de ansvar for å gje beskjed, slik at andre evt. kan få vere med.

Aktivitet på Hamna på Eid:

Vi legg opp til to torsdagar, slik som i fjor, med aktivitet på Hamna. Alle over 12 år kan vere i buldrerrommet, og den første gongen vert med klatreinstruktør. For ungar under 12 år er det eit stort og innhaldsrikt aktivitetsrom. Her vert det eigenandel på 50 kr per person per gong(ordinær pris er 125). Så mange som vil kan vere med.

Måndag- og onsdagstrening

Basistrening med Steinar er starta opp i grendahuset kvar måndag kl. 20. Trening med Hildegunn startar opp onsdag 14. oktober kl. 19.30. **Viktig:** alle **må** ta med egne matter, halde 1 meter avstand, og elles følgje reglane for vask/desinfeksjon som er hengt opp på handikaptoalettet. Steinar og Hildegunn fører lister med oppmøte som dei må oppbevare i 14 dagar i tilfelle smittesporing.

Fjelltrimmen

Vi hadde tre fellesturar på Kleiva i september, men no er Fjelltrimmen avslutta. Alle som har endringar i høve til ponegsummen som er registrert av Georeg, må levere dette skriftleg til Vibeke innan **10. oktober**.

Oversikt over datoar og aktivitet:

Bading i Stryn ca 16.00-17.30 (etter off. bading):

17. oktober: badevakter: Hildegunn Rand og Trine Rand

24. oktober: badevakt: Terese Gausnes

31. oktober: badevakter: Monika Hammer og Maria Storevik

7. november: badevakter Monika Hammer og Maria Storevik

Hamna trening på Eid

12. november 18-20: Buldring og leik i aktivitetsrommet

Denne dagen vert med instruktør.

19. november 18-20: Buldring og leik i aktivitetsrommet

26. november 18-19: Idrettskule for barn på grendahuset

3. desember 18-19: Idrettskule for barn på grendahuset

10. desember: Nissemarsj!

Etter jul: Skiskule på Ålandsleitet v/ Ove-Morten Skrede og Bodil Rand.

Viktig: Alle som deltek på aktivitetar må sjølvstilt vere friske og utan symptom.

Vi håpar på mykje kjekk aktivitet i haust!!

Mvh Trimgruppa og Barneidrettsgruppa i Hardbagg IL